



Saksbehandlar: Henriette Hansen, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/8895-44

Fylkeskulturprisen 2019

Fylkesdirektøren rår til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskulturprisen for 2019 blir tildelt

Vedlegg:

1. Retningslinjer
2. Tidlegare tildelingar
3. Innkomne framlegg

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Dette er den 40. og siste gongen fylkeskommunen i Sogn og Fjordane skal dele ut fylkeskulturprisen. Vedtaksmynne ligg til hovudutval for næring og kultur (HNK). Ettersom utvalet hadde sitt siste møte 1.oktober, har utvalet delegert til leiar og nestleiar i utvalet å gjere vedtak i 2019, på bakgrunn av førearbeid av innstillingssnemnda, jf vedtak i HNK 65/19.

Gjennom desse åra har 33 enkeltpersonar fått prisen. 16 av dei har fått prisen aleine, medan dei andre har delt prisen med ein annan person, lag eller organisasjon. I 2004 delte tre personar prisen. I tillegg er det 16 lag/organisasjonar som har fått prisen, alt frå kor/grupper til spel, utstillinger, festivalar og organisasjonar.

Føremålet med prisen å hjelpe fram kulturlivet i fylket.

Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag eller organisasjonar:

- Som høyrer heime i fylket.
- Som viser evene og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.
- Som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein vil særleg vere opptekne av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Hovudutval for næring og kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. I HNK-sak 65/2019 vart desse oppnemnde til ei innstillingsnemnd som skal vurdere og innstille kandidat(ar) til kulturprisen for 2019: Erlend Haugen Herstad, Torbjørn Vereide og Anne K. Lilleaasen. Vara: Jakob André Sandal.

2. Kandidatar og vurderingar

Kulturprisen har vore annonser i alle aviser i fylket, og på internett med 15. oktober som frist for å komme med grunngjeve framlegg til kandidatar. Det har komme inn 26 framlegg, der nokon få av desse også har vore føreslått tidlegare år.

Innstillingsnemnda har hatt to møter. I tillegg til dei 26 innkomne framlegga har nemnda også drøfta kandidatar som har vore føreslått tidlegare, og kandidatar som nemnda sjølv kom opp med forslag på.

Etter ei grundig vurdering, samla nemnda seg om 3 forslag som vert lagt fram for hovudutvalet som dei mest aktuelle kandidatane i 2019. Nemnda har i si vurdering lagt vekt på engasjement, kvalitet og nyskaping.

Dei 3 kandidatane innstillingsnemnda fremjar er:

1. Idretten i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane idrettskrins

Sogn og Fjordane idrettskrins er eit felles organ for idretten i Sogn og Fjordane og er sett saman av idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar tilslutta Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité innan idrettskrinsen sine grenser.

Sogn og Fjordane idrettskrins hadde sin spede start i 1919, og kan difor feire 100 års jubileum i 2019. 2019 er også siste år med eigen krins for Sogn og Fjordane då krinsen vart vedteken nedlagt på møte 9.november, og vedtatt slått saman med Hordaland idrettskrets til Vestland idrettskrets frå 2020.

Idrettskrinsen har i dag 192 medlemslag og 45 000 medlemmar. Det blir lagt ned ein betydeleg dagnadsinnsats gjennom året i aktivitetar og treiningar for barn og unge, større meisterskap og turneringar. Idretten er også ein viktig sosial arena i lokalsamfunna.

Handlingsplanen for idretten i Sogn og Fjordane for perioden 2016 – 2020 har «Gode i hop» som visjon. Visjonen skal gi retning for fellesskap og inkludering, for å arbeide saman om felles mål og å tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemane. Alle skal ha høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov der idrettsglede er den viktigaste drivkrafta. Gleda ved å meistre er den viktigaste verdien for alle.

Ein kulturpris til idretten i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane idrettskrins er ein heider til den store frivillige innsatsen som blir lagt ned for idretten gjennom åra. Ein heider til medlemmer, leiarar, foreldre, tillitsvalde og den store ueigennyttige innsatsen som vert lagt ned. Prisen vil også syne den viktige posisjon idretten har blant innbyggjarane i fylket.

2. NRK Sogn og Fjordane

NRK Sogn og Fjordane er eit av NRK sine 15 distriktskontor. Distriktskontora skal lage innhald av høg kvalitet frå heile landet, til heile landet på alle plattformar.

I 2017 hadde NRK Sogn og Fjordane flest lyttarar i høve folketalet av alle distriktskontora til NRK. Det er også eit av distriktskontora i landet med høgast trafikk på nettsidene sine. Det syner at NRK Sogn og Fjordane er viktig for innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Gjennom mellom anna reportasjar, nyhende, debattar og lokal musikk har NRK Sogn og Fjordane vore med å bygge opp ein felles identitet knytt til fylket som kulturelt- og geografisk område.

Mange etablerte og heilt nye artistar frå Sogn og Fjordane får speletid på NRK Sogn og Fjordane. Gjennom faste radiosendingar intervjuar og spelar ein musikken av artistar frå fylket, også «live». Ein viser også fram talent gjennom samarbeid med t.d. kulturskular og UKM, og gjennom utdeling av Luttpisen.

NRK Sogn og Fjordane har ei viktig rolle i formidlinga av nynorsk språk og identitet. Redaksjonen er den einaste reine nynorskredaksjonen i NRK. Barne-TV seriar på nynorsk produsert av NRK Sogn og Fjordane har vorte populære blant barn i heile landet.

NRK Sogn og Fjordane er viktige for å oppfylle nynorskkravet på 25 % i NRK. Redaksjonen står for om lag 40 % av alle nettartiklar på nynorsk. Ein jobbar difor kontinuerleg med å heve kvaliteten og ha eit godt og korrekt språk. NRK Sogn og Fjordane har også eit tett samarbeid med Nynorsk mediesenter som er lokalisert i same hus. Nynorskpraktikantane ved senteret får deler av opplæringa og praksisen sin i NRK Sogn og Fjordane sin redaksjon.

Ein kulturpris til NRK Sogn og Fjordane vil synleggjere den viktige rolla denne medie-institusjonen har hatt i å bygge ein fylkesdekkande identitet knytt til nynorsk språk og kultur i Sogn og Fjordane.

3. Ann Lundekvam (Gaular) og Bjørg Hovland (Luster)

Ann Lundekvam frå Gaular og Bjørg Hovland frå Luster er nestorar i bunads- og draktarbeidet i Sogn og Fjordane. Begge to har lagt bak seg fleire 10-år med innsamling, undersøkingar, dokumentasjon og produksjon av drakter og bunader frå sine område (Sunnfjord og midtre og indre Sogn). Dei er begge to heidra av m.a. Norges husflidslag med «Gullnåla» - noko som er ei stor anerkjenning for langvarig arbeid innan tradisjon og handverk.

Sidan midten av 1970-talet har Ann Lundekvam vore i fremste rekke i arbeidet med å rekonstruere sunnfjordbunaden, både for dame og herre, og då spesielt etter draktmateriale frå Jølster. Ho vidarefører eit arbeid Olina Fossheim starta opp rundt 1920 og som vart vidareført av Aud Sunde og Audhild Viken.

Ann har vore sentral i arbeidet som har resultert i fleire rekonstruerte dame- og herrebunadar frå Sunnfjord. Det har vore eit stort arbeid å finne verkstader og produsentar som har kompetanse og kapasitet til å reproduksjon av stoff og anna som høyrer til, i tillegg til teknikkar og material som vart brukt før i tida og tilpasses dette til vår tid. Ann har eit solid kunnskapsnivå, både teoretisk og praktisk som ho auser frå seg når ho held kurs. Ho held kurs og underviser i ulike samanhengar for å formidle vidare kunnskap om eit handverk som i stor grad er på veg til å forsvinne. Gjennom boka «Bunadsliv» som Ann Lundekvam tok initiativ til, og som kom ut i 2018, vert bunaden sett inn i eit samfunnsperspektiv og presentert ut frå tema som næring, kunnskap, erfaring, kvalitet, formidling, lokal identitet, m.m.

Ann har synt ei formidabel evne og eit brennande engasjement for den rike kulturarven som vi har i Sogn og Fjordane. Ann er ein person som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege i fleire ti-år.

Bjørg Hovland har vore sentral i arbeidet med å ta vare på bunadstradisjon og anna kulturarv i Sogn. Ho har drive registreringsarbeid i indre- og midtre Sogn og rekonstruert fleire draktplagg. Har skrive artiklar i både fagblad og bøker. Ho har halde mange kurs i bunadssau og om hovudplagg. I 2014 gav ho ut boka «Folkedrakter og bunader frå Sogn» på Skald forlag. Gjennom denne boka får ein kunnskap om bunader og klede, stofftypar og mønster, lokale skikkar, og historisk utvikling, alt nøyaktig dokumentert med teikningar, mønster, fotografi, kjelder, stadnamn og årstal.

Hovland har ikkje avgrensa seg teori, men har òg rekonstruert og sydd bunader og klede som vart brukt i sognebygdene fleire hundre år attende i tid. Gjennom sitt store arbeid har Bjørg hindra at viktig nasjonalhistorie har gått tapt. I arbeidet sitt har Bjørg Hovland mellom anna også bygd på biletet av nasjonalromantiske kunstnarar som Flintoe og I. C. Dahl.

Gjennom arbeidet sitt har Ann Lundekvam og Bjørg Hovland bidratt til å gjøre oss kjende med ein viktig del av historia vår; korleis folk i tidlegare tider har kledd seg til kvardags og helg. Dei har lært opp yngre generasjonar i eit handverk som er på veg ut, og dei har fornja tradisjonen. Bunad handlar også om identitet, og arbeidet til Lundekvam og Hovland kan førast inn i rekka av identitetsskapande prosjekt.

3. Konklusjon

På bakgrunn av førebuingsarbeidet frå innstillingsnemnda, gjer dette året leiar og nestleiar i hovudutval for næring og kultur endeleg vedtak om mottakar(ar) av fylkeskulturprisen 2019, jf vedtek i HNK-sak 65/19. Prisen, diplom og ein sum på kr 50 000, vert delt ut på fylkestinget 10. desember 2019.